



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Saksbehandler, innvalgstelefon
Anveig Nordtug Wist, 73 19 93 37

Høyringsfråsegn- 202014928- uttak av grunnvatn frå to lausmassebrønnar på Kyrksæterøra - Heim kommune

Bakgrunn

AquaGen AS skal bygge nytt smoltanlegg ved Kyrksæterøra, Heim kommune og treng da ei ny vasskjelde. Det søkast her om å ta ut grunnvatn frå to brønnar ved Haugaelva. Brønnane står ved anadromt strekke, men det skal ikkje vere fare for at overflatevatn trengjer inn i brønnane.

Det søkast om:

- «Et maksimalt døgnuttak på 1730 m³ /døgn (20 l/s) og et gjennomsnittlig uttak over året på 315 500 m³ /år (10 l/s) grunnvann fra løsmassebrønner. Grunnvannet skal benyttes som vannforsyning til et nytt smoltanlegg som planlegges etablert av AquaGen AS avd. Hemne.
- Etablering av vannledning fra brønnområdet og inn til et nytt vannbehandlingsanlegg ved det planlagte smoltanlegget.»

Av dei maksimale 20 l/s vil 13-14 l/s komme indusert frå Haugaelva.

NVE har, i sitt fråsegnsbrev, bedt om at: «**Fylkesmannen** bør vektlegge forhold omkring miljø, herunder biologisk mangfold, og vurdere tiltaket i forhold til sin sektorlovgivning»

AquaGen har løyve frå Fiskeridirektøren frå 1985 til å ta ut vatn frå Haugaelva til eksisterande anlegg. Dette har fungert som eit krisevassinntak, og er ikkje brukt.

Vassforskrifta og tilstanden i elva, inkludert grunnvassbassenga

Grunnvassmagasinet som det her er søkt om å hente ut vatn frå er ikkje kjent i vann-nett. I rapporten vedlagt søknaden står det: «Data fra prøvepumping viser at begge produksjonsbrønnene oppnår tilnærmet stabilt grunnvannsnivå svært raskt ved oppstart av pumping og ved økning i uttaksmengde», og at magasinet er «opent».

Det einaste grunnvassmagasinet som er beskrive i Haugaelva er Dalem (ID 119-896-G). Dette har god kvantitativ og kjemisk tilstand, med god som miljømål både for kvantitativ og kjemisk tilstand. Det er ikkje vurdert risiko for å ikkje nå miljømåla. Grunnvassførekomsten har fleire påverknader, men alle er med ukjent eller liten grad.



Auka uttak vil kunne påvirke grunnvasspegelen, særskilt ved låg vassføring. Dette må overvakast i ein langtidsserie. Det vil òg vere naudsynt å planlegge kva som skal skje ved nedgang i grunnvatn.

Informasjonen om det nye grunnvassbassenget, eventuelt oppdatert informasjon om Dalem, bør leggest inn i vann-nett/vannmiljø.

Haugaelva (ID 119-3) har moderat tilstand, på grunn av tilstandsvurdering for laks gjort av VRL (vitskapleg råd for lakseforvaltning).

Vannforskrifta seier at «Tilstanden i overflatevann skal beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenopprettes med sikte på at vannforekomstene skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand» (jamfør § 4), og at «Tilstanden i grunnvann skal beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenopprettes og balansen mellom uttak og nydannelse sikres med sikte på at vannforekomstene minst skal ha god kjemisk og kvantitativ tilstand» (jamfør § 6). I dette tilfellet må det vurderast om nye inngrep påverkar i så stor grad at uttaket skal vurderast etter § 12 om ny aktivitet eller nye inngrep.

Vi ventar NVE tek ei vurdering om kva det aktuelle tiltaket vil ha å seie for produksjon i elva, vassføringsregiment og eventuelt tørrlegging av områder, spesielt i august.

Naturmangfald

Fisk og akvatisk miljø

I Haugaelva (Haugelva i lakserregisteret) har laks moderat tilstand for gytebestandsmålet og høstingspotensiale, mens genetisk integritet er ikkje vurdert. For laks er det lakselus (moderat påverknad og arealinngrep, rømt oppdrettslaks, avløp og anna vassbruk (lita påverknad). Vurderingsperioden er 2015-2019.

Bestandstilstanden for sjøaure er vurdert i 2021 som dårlig. Det er spesielt lakselus om har stor påverknad på sjøaurebestanden, mens arealbruk, avløp og fråføring av vatn har ein liten påverknad.

Med dette tiltaket vil påverkingane frå vassbruk/fråføring av vatn auke.

I naturmangfaldrapport vurderast Haugaelva til å ha stor verdi som økologisk funksjonsområde for fisk. Elva har vorte spesielt viktig etter inngrep i Søa, eit nærliggande vassdrag. Sjølv om mykje av dei nedste delane av Haugaelva er tidevasspåverka er det kjent kunnskap at slike områder er viktige beite- og næringsområde for fisk. Spesielt for sjøaure er slike områder svært viktige.

Av fiskeartar på anadrom strekning finn vi både laks (nær trua) og ål (sterkt trua) er registrert i Haugaelva, i tillegg til sjøaure.

Fugl

Det er registrert fleire nær trua (tårnseiler, stær, gråspruv, havelle og tjeld), sårbare (alke, ærfugl, sjørre og svartandsandsvale, fiskemåke), sterkt trua (bergand, dvergdykker, storspove og makrellterne), og kritisk trua (hettemåle og lomvi) fugleartar i området. Fiskemåke og makrellterne er i naturmangfaldrapporten oppgitt å hekke i området.

Naturtype

Naturtypen «Open flommark» er registrert på motsatt side av Haugaelva. Denne er lokalt viktig. På



rødlista er flomskogsmark sårbar. Det er fleire inndelingar av flomskogsmark, basert på type substrat og kor vasspåverka dei er. Generelt for alle gruppene er at dei er avhengige av eit flaumregime for å oppretthalde naturtypen. Påverkingar er alle inngrep som påverkar vassfrøingsregimet i elver, dette vil inkludere fråføring av vatn ved uttak av settefiskanlegg og kraftverk. I naturmangfaldrapporten er denne beskrevet som open flaumfastmark og open flomfastmark på sand. Denne naturtypen er nær trua på rødlista.

Det er registrert ein ny lokalitet lengre nede i vassdrag; Lernesstranda. Dette er flaummarksskog, og er gitt verdien lokalt viktig. Denne naturtypen er sårbar.

Samla belastning og usikkerheiter

Vi ser med bekymring på ei stadig auke av uttak av vatn i Trøndelag. Naturmangfaldet er avhengig av å ha vatn i vassførekomstane våre. For lite vatn påverkar ikkje berre dei artane vi ser, som laks og sjøaure, det påverkar òg heile det akvatiske økosystemet.

Det er oppgitt at uttak av maksimalt vassmengde og lågvassføring ikkje overlappar mykje. Men forbrukstoppane er oppgitt til å vere i april og august. August er ein typisk månad det er lite vatn i trønderske elver, med enkelte unntak. Basert på vår kunnskap om Haugaelva og på nedbørsfelt verker Haugaelva å vere ei elv utan større magasin for å halde tilbake vatn, og at ho difor er ei nedbørsbasert elv. August er i tillegg ein periode laksefiskane er avhengige av vassføringa for å gå opp i vassdraget til gyting. Det er oppgitt at det er ein terskel i elva som fungerer som vandringsbarriere ved låg vassføring, denne vil oftare bli ei barriere ved denne fråføring av vatn.

Statsforvaltaren ventar at alle data frå undersøkingane som er gjennomførte og som blir gjennomført i framtida blir gjort offentlege databasar, t.d. Vannmiljø og Naturbase. Dette inkluderer å få registrert dette grunnvassmagasinet som ein eigen vassførekomst, eller å oppdatere Dalem.

Det nemnast at anleggsarbeidet vil påverke vassdraget på fleire måte, og vi ventar at det blir laga ein detaljplan for miljø og landskap. Her ønsker vi mellom anna at det skal vere avbøtande tiltak for å hindre avrenning til vassdrag. Det står i tillegg at det skal utarbeidast planar for overvaking av grunnvassnivået og -kvalitet. Denne ventar vi skal godkjennast av NVE, og at det settast som krav at data herfrå gjerast tilgjengeleg i Vannmiljø/vann-nett.

Dei landskapsmessige inngrepa her synast å bli minimale, da vassleiingen skal leggjast gjennom eit område som allereie er utbygd.

Konklusjon

Det er spesielt kva som skjer med vassføringa i Haugaelva og grunnvassnivået ved låg vassføring som er eit bekymringsmoment. Det er oppgitt at det er ein usikkerheit korleis fråføringa og med det redusert vassføring påverkar Haugaelva over lengre tid. Vi ser at denne fråføringa i store delar av året og i normal situasjon vil vere av mindre karakter, men vi mein at òg slike fråføringar må få strenge miljøkrav for å sikre natur- og miljøaspektet.

Fråføring av vatn er ei bit- for-bit -nedbygging av vassdraget, og vi ser ofte at mindre inngrep og fråføring av vatn aleine ikkje har så store konsekvensar at dei stoppast. Summen av slike mindre inngrep derimot kan gjere livsvilkåra hardare for dei dyre- og planteartane som er avhengige av vassfrøingsregimet, vassføring, sedimenttransport og produksjonen i elva. Vilkår i ein konsesjon må difor ha høve til å tilpasse seg endringar i miljøforvaltning framover og da i sær den måten vassressursane forvaltast på.



- Vi gir fagleg råd om at ein konsesjon sett krav om:
- at det lagast ein detaljplan for miljø og landskap.
- at det lagast ein beredskapsplan ved vassmangel og låg vassføring
- at all data ved undersøkingar i samband med forundersøkingar og overvaking av magasinet gjerast tilgjengeleg i vannmiljø/vann-nett og andre respektive databasar. Spesielt viktig er det å oppdatere grunnvassførekomsten Dalem eller å gi opprette ny grunnvassførekomst
- at det gjennomførast langtidseriar for å sjå på endringar i vassføring i Haugaelva
- standard naturforvaltingsvilkår, slik at forvaltinga har moglegheit til å undersøke endringar i naturmangfald og habitat over tid og å sette i gang tiltak

Vi venter at tiltaket er avklart med anna relevant lovverk, mellom anna om det vil vere behov for ei løyve etter forureiningslovverket.

Med hilsen

Anne Sundet Tangen (e.f.)
Seksjonsleder
Klima- og miljøavdelingen

Anveig Nordtug Wist
seniorrådgiver
Klima- og miljøavdelingen

Dokumentet er elektronisk godkjent